



Det var sjølve jolaftan. Snøkaapa laag tung yver all mark. I tvo dagar hadde det vore nedburd, berre nedburd, so det var mest ifkje raad for folk eller fe aa koma fram. Kaldt var det, men stilt.

Mor hadde havt det so annsamt dei fiste dagarne, og tenestgjentorne flaug att og fram. Allt skulde vakkast, baade klæde og hus. Mat laut lagast; for han skulde vara til trettand-dagen. Talgjerte skulde støypast, so kvar ei sjæl i huset kunde faa joleljøs.

Kloffa var 6, alt var ferdigt ute. Hestarne stod i stallen med grønt godt høg, kyr og lamb hadde fenge kveldsmat av same slaget; dei skulde no kjenna at det var jolaftan, dei og.

Me hadde lauga ofs og fenge sundagsbunaden paa. Alle paa garden hadde fenge noko nytt; ingen skulde verta teken av „jolefatten”.

Far sat i høgsetet og saag i bønebofi; han vilde finna fram det han skulde lesa i kveld.

Ho mor kom inn fraa eldhuset med eit trog, fyllt med joleljøs. Ho fekk det stilt fram paa benken og lagde seg ned paa fengi; ho var visst trøytt. Eg berre gledde meg til aa faa eit fjerte som eg kunde kveikja og sløkkja naar eg sjølv vilde.

Far var so uroleg i kveld. Best han sat og las, stod han upp og saag mot glasjet. Det kom nokre harde vind-rykkjer; men det var daa vel ifkje noko aa vera uroleg for, naar alle krøteri var vel i hus.

„Ryk han upp med storm no, so vert det ifkje greidt aa ferdast ute. Berre han Vigfus kom snart.”

Vigfus var bror aat far. Han tente hjaa ofs og hadde gjenge burt til sauhusi, skulde gjeva den vakkne smalen mat. Sidan snøen var so drjug, og dei ifkje kunde brøyta seg fram etter maten ute, laut dei faa høg. Sauhusi laag ei halv mil fraa garden; det var ifkje gjort i ei snarvenda aa koma fram i slitt usøre som det no var.

Desse ordi hans far: „berre han Vigfus kom snart,” tok ovs alle, og ein otte lagde seg hver jolegleda. Me sat som paa naaler og lydde.

Sau, vinden kom snøggare enn me hadde venta, og so illhard at det song i kvar veggjenov. Det var ikkje aa taka i misss av: me hadde ein snøstorm av hardaste slaget, og slike hev hev ofte sett myrke minne etter seg.

Far treiv skinnhuva og gjeff fram til utedøri. Eg fylgde etter, hadde hug til aa fjaa ut. Daa han lét upp døri, gaus snøbylgja bitande hard og kald mot ovs. Eg saup etter pusten og vilde mest kovna. Eg hopa attende lenger inn i gangen. Men far hadde vore ute fyrr; han gjeff ut, og vart burte.

Ei stund etter kom han att; han var pakka med snø. "Ingi hjelp i aa vera ute," segjer han. "Ein ser ikkje hand for augo. Nei, for eit vêt! det er som ein strid foss som kjem ned av fjelli." — Han lét att utdøri, og ho gav slik tung, flagande ljod, so eg minnest det endaa, kvar gong det er storm.

Daa eg kom inn i stova, fekk eg ikkje fram eit ord. Vinden og vêret hadde teke mælet fraa meg. Men eg vart var at alle saag paa han far; dei venta paa kva han vilde segja.

„Gud hjelpe deim som er ute denne kvelden!” sa han.

„Erur du Vigfus var faren fraa sauhusi fyrr stormen kom?” spurde ho mor.

„Ja, eg venta honom mest heim fyrr,” svara han far laagt.

Me hadde gledt ovs til denne kvelden heile jolefasta; og me hadde meir enn ein gong tala um for det skulde skina, naar joleljosi loga. Men no kom snøstormen og sløkte alle ljose voner. Eg fasta meg upp i sengi, og eg gret so puta vart vaat. Stafars farbror var ute — og stridde med dauden.

Vinden illskreik, snøen slo mot glasjet og smaug inn gjennom dei minste rivor. Heile huset skalv i dei harde vindkast.

Inne var det stilt; ingen tala eit ord. Det var som dauden sjølv synt fram si bleike hand.

Eg glytte fram or sengi. Eg saag so vel at ho mor tykte synd i borni sine; for ho visste for me hadde gledt ovs til denne kvelden. Daa vilde eg fram og vera far; men graaten tok meg att, so eg laut snu meg mot veggen.

Mor braut togni, stod upp og kveikte ljosi og sette deim paa sine faste rom, der dei hadde stade kvar jol.

Alle hus skulde hava ljøs i natt. I eldhuset brann det, og no gjeff ho til matburet med ljøs. Ho spurde tenestgjentorne um det var ljøs i fjøset. Dei svara nei. Far meinte at det fekk vera det same med ljøs i slitt vêt. Mor svara ikkje, men gjeff ut.

Um ei stund kom ho att, kvit som ein mjølsekk. Det var same vêret, sagde ho. Vinden var kann henda ikkje fullt so hard, men bitmyrkt var det.

Det vart so underleg tomt og tungt i stova att; liksom ljosi ikkje vilde lysa.

Daa kom det ei fæl vindflaga, so det knaka i kvar ei tre-slis.

So stílna stormen. No hóyrde me utedóri gjekk upp, og ein som stampa snøen av seg i gangen.

Eg sprang fram or fengi, reiv upp innedóri, og der stod han Vigfus. Eg ropa so det ljoma gjenom stova: „Han Vigfus er komen!”

Far og mor, brørne og tenestgjentorne kom; alle vilde sopa snøen av han Vigfus.

Far treiv det gamle fylvstaupet og skjente broren.

„Dette er den hardaste snøstormen eg hev vore ute i,” sagde han Vigfus. „Eg hev visst bala tvo timar med aa koma heim berre fraa bøgarden.”

No vart joleljosi skifte ut. So mor gav meg attpaa eit halvt eit, som hadde brotna i støypingi. Og daa Vigfus hadde fenge av seg gamleklædi og lauga seg, heldt me bøn. Aldri hadde jolesongen ljoma so vænt i øyro mine. Og ljosi leika og brann med ny glans. Jau, no var det jol!

Jolematen kom fram paa bordet, alle var glade. Høgtidsdaamen hadde lagt seg yver hufet.

Eg kveikte ljofet mitt og las i den fine boki som far gav meg.

Daa flokka var 12, sa far til han Jon, bror min: "Gaff ned i fjøset, du, fjaa um kyrne hev lagt seg, og sløff ljofet. "

Vigfus svara: „Na, lat det faa brenna i natt. Hadde eg ikkje vorte var den ljoffen gjenom fjøsglaset, er det mindre von eg no sat her.”



Jolefasta: advents-tidi.

Lesebok for folkeskulen.

1909.